

Seterbrukaren

SKRIFT FRÅ NORSK SETERKULTUR
NR. 4 – DESEMBER 2008 – 11. ÅRGANG



Innhald:

Grønt Spatak 208

side 2

Håndbok for sæterbrukere

side 3

Værkjessetra i Grimsdalen

side 4

Strandmo stølsysteri

side 5

Seternytt frå Leksvik

side 7



Neste utgåve

av Seterbrukaren kjem i mars 2009 med siste frist for stoff 15. februar. Vi oppmodar som alltid dei som har nyhende og opplevelingar, tips om stoff og foto frå seterlende og seterdrift om å dele det med andre gjennom Seterbrukaren.

10-årsjubileum

I mars 2009 er 10 år sidan organisasjonen Norsk seterkultur vart skipa. Skipingsmøtet var lagt til Klones i Vågå, der seterbrukarar og seterinteresserte frå mange kantar av landet organiserde seter-Noreg for første gong! I neste utgåve av Seterbrukaren vil vi gi eit attersyn på utviklinga av organisasjonen.

Ny seterkonferanse i 2009

Etter to år med yllukka seterkonferanser har styret i Norsk seterkultur nyleg vedteke å starte planlegginga av ein ny konferanse i mai 2009. Det går elles fram av vedtaket at ein samkøyre årsmøtet i Norsk seterkultur med seterkonferansen og at arrangementet blir lagt til "Hallingdal/Numedal-området". Opplegg og program for konferansen og årsmøtet blir gjort kjent i mars-utgåva av Seterbrukaren.

Styret:

Stein Brubæk, leder
6636 Angvik, tlf. 71 29 27 32/91 56 32 59
sbrubaek@c2i.net

Siv Eggen, nestleiar
7760 Snåsa, tlf. 48 10 27 85
sbeggen@msn.com

Geir Grosberg
2640 Vinstra. Tlf 92 89 26 65.
ggrosber@online.no

Odd Arne Espeland, Jondal
5627 Jondal Tlf. 53 66 84 80 Faks 53 66 82 55
odar-esp@online.no

Per-Sigve Lien
Fagsjef i Tine Medlem
per-sigve.lien@tine.no
Tlf. 64 97 37 09/90 77 28 58

Varamedlemmer
Mari Søbstad Amundsen
Weidemannsvn. 15, 7014 Trondheim
marisobs@stud.ntnu.no

Oddveig Eggen
2550 Os i Østerdalen Tlf. 62 49 71 86
post@spellmoen.no

Nanfrid Røysland
3656 Atrå
selstali@selstali.com

Utgjevar:

Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

telefon 70 25 91 77
telefaks 70 25 91 57
E-post: seter@seterkultur.no
www.seterkultur.no

Bankgiro: 2367 20 51169
Redaktør: Jostein Sande
Førtrykk: Stordfjord Bladlag AS
Trykk: Birkeland trykkeri

ISSN 1501-6803

Seterbrukaren kjem ut fire gonger i året.
Framsidefoto: Grete Sannes Granseth

Hva vil vi med norsk seterkultur?

Etter årsmøtet og etter at nysnøen kom er det på tide å tenke organisasjonsarbeid.

Det nye styret har hatt sitt første møte og det er en spennende samling av ildsjeler for norsk seterkultur som satt samlet på en studenthybel i Trondheim – og på telefon fra Oslo.

Vi setter i gang et arbeide som krever at hele organisasjonen deltar med synspunkter på hva vi vil med Norsk Seterkultur. Vi er en økonomisk svak organisasjon, men sterkt på glød og engasjement for det vi holder på med. Likevel er det grenser for hvor lenge dette kan være den eneste drivkraften for NSK. Slik økonomien vår er har vi ikke råd til å ha et betalt sekretariat som kan være kontinuiteten for den kompetansen som et styre etter hvert får gjennom arbeidet. Det er derfor lett for at slik kompetanse blir skiftet ut i lag med nye tillitsvalgte. Dette kan være et stort hinder for at organisasjonen utvikler seg basert på det arbeidet som gjøres.

Både årsmøtet og styret ønsker derfor å vurdere hvilke samarbeidspartnere vi best vil arbeide sammen med, hovedsaklig for å få en tettere kontakt med samarbeidsparter og styrke økonomien.

Før vi går videre med dette vil vi engasjere hele organisasjonen i en spørreundersøkelse som både omfatter hva medlemmene ønsker med NSK og hvorhen vi skal søke samarbeide. Jeg vil henstille til alle medlemmene å være



Stein Brubæk byr fram seterprodukt frå Sunndalsfjella på matfestivalen i Alesund. Her godt motteke av Verena og James, mat- og landbruksstudentar frå Østerrike og Frankrike.

aktivt med å bestemme fremtida til Norsk Seterkultur.

Stein Brubæk, styreleder i NSK

Grønt Spatak 2008 – gode tilbakemeldingar

– Tilbakemeldingane fra både deltakarar og vertskap har vore gode etter Grønt Spa'tak sist sommar. Vertskapa vi har hatt, har sjølv vore engasjerte og klart å engasjere deltakarane våre, så eg trur dei aller fleste hadde veldig lærerike opphold på garder og setre i sommar, fortel Eyvind Søraa, Grønt Spa'tak-koordinator i Natur og Ungdom.

NSK har i mange år no vore involvert i Grønt Spatak, som NU og Norsk Bonde- og Småbrukarlag opphavleg starta.

– I år hadde vi ingen beitetlag påmeldt, noko som kunne vore nyttig i forbindelse med den gryande rovdyrdebatten vi hadde i sommar. Grønt Spa'tak sitt bidrag til den debatten skal vere å hjelpe til med at både sau og rovdyr kan eksistere i norsk natur. Vi håpar vi klarar å mobilisere både beitetlag med behov for ekstra hjelp og ungdom som har lyst til å hjelpe til med beitetilsyn neste sommar. Grønt Spa'tak 2009 skal i tillegg handle om matsikkerheit, med vekslar både til Spa'tak mot WTO som vi hadde i 04-05 og til temaet jordvern og lokal matproduksjon, som Spa'tak har hatt som fokus dei siste årene. Målet skal vere å skape bevissthet om kor viktig det er å oppretthalde jordbruket i Norge og drive det på ein berekraftig måte. Det var



"Spataistar" i arbeid på garden Tolstad-kleiven på Lalm i Ottadalen, jente nærmest er Tale Reiersen, attafor Victoria Durnak. Foto: Carl-Frederic Salicath.

i alt 25 deltakarar med på Grønt Spatak sommaren 2008, opplyser Eyvind Søraa, som håpar på god oppslutning også neste sommar. For meir info om Grønt Spa'tak sjå nettstadene til NU og NBS.

Utstilling om utmarks- og seterbruk i Nord-Trøndelag

Egge museum åpna i sommer ei ny utstilling med utmarks- og seterbruk som tema. Utstillinga omfatter både gjenstander, bilder og informasjonsplakater. Det er Beitstaden historielag som har stått for bildematerialet og utforminga av tekster. Ulike sider ved bruken av utmarka, som jakt og fiske, utmarksslått, skogsdrift og bærsanking er med i utstillinga, men det er først og fremst seterdrifta det handler om. Budeiene og kvinnenes rolle i seterdrifta er via stor oppmerksomhet.

Fra Holdensetra i Verran i 1918 med setertauer i flere generasjoner.



Håndbok for sæterbrukere

Bakgrunnen er at Oppdal og Rennebu kommuner i Sør-Trøndelag i 2007 tok initiativ til å utarbeide en sæterveileder/håndbok for sæterbrukere. Dette med bakgrunn i mange henvendelser fra gardbrukere som ville ta opp att sætringa, og også gardbrukere som ville utvide sæterdrifta med salg av rømme og særkost.

Fylkesmennene i Sør- og Nord-Trøndelag arbeider aktivt for sætring, og ble med på prosjektet vårt med en gang, samtidig som vi innledet dialog med Norsk Seterkultur. I juni i år inviterte vi med tre sæterfylker til (de som er med i det femårige prosjektet) representert ved fylkesmennene i Hedmark, Oppland og Møre og Romsdal, som alle sluttet seg til prosjektet.

Innhold

Sæterhåndboka er tenkt som en enkel kortfattet håndbok, likevel med nok fylde til å bli et verktøy for sæterbrukeren. Her skal det stå om fjøsløsninger tilpassa gamle sæterfjøs - med og uten melkegrav, om kjellere og avkjølingsløsninger, om Mattilsynets regler ved rømmetilvirkning og -salg, om beitebruk, om tilskuddsordninger det kan søkes på, om vertskapsrollen og mye mer.

Håndboka er også tenkt som et nyttig redskap i forvaltningen, for landbrukskontor og forsøksringer som får spørsmål fra brukere.

Vi ser for oss veilederen i to utgaver: en nettbasert variant og en i trykt format.

Framdriftsplan

Målet er å arbeide med veilederen i 2009, slik at den foreligger ferdig til våren 2010 i god tid før ny sætersesong. Fullfinansiering er ikke på plass enda, de fem fylkesmennene kan vente en søknad på nyåret.



Ingegerd Sundeberg, Hede i Härjedalen, viser fram praktiske løsninger i gardsmeieriet. Ho og mannen Karl-Olof Sundeberg driver også med foredling på setra Østvallen, og er kommet langt i å utvikle den lokale foredlinga i tilknytning til sæterdrifta. Foto: Johan Sandberg.

Sidsel Enodd viser fram det praktiske og velutstyrtede foredlingsrommet på Oddvollan i Endalen i Budal. Foto: Johan Sandberg.



Ønsker og behov

For å få en god håndbok, er vi avhengig av **alle gode innspill** når det gjelder **kreative løsninger** tilpassa sæterdrifta. Vi ønsker oss også **gode bilder** og **gode tegninger** både av livet på sætra generelt, men også av løsninger i fjøs/mjølkerom/

vatn/utslagssted mm.

Bli med å lag en nyttig håndbok – det er du som vet best om sætring!

Kontaktadresse: Oppdal kommune ved Gro Aalbu, 7340 Oppdal. Tlf: 72401811 E-post: gro.aalbu@oppdal.kommune.no



Setergrenda.

Værkjessetra i Grimsdalen

Vi kom til Pundarvangen i Grimsdalen søndag 3. august og fekk oppleva ei stor folkemengde (og hundrevis av bilar) og aktivitetar som er heller uvanleg i seterfjellet, jamvel i den lange og sentrale seterdalen som strekkjer seg fem mil mellom Gudbrandsdalen og Østerdalen.

Pundarvangen har vore marknadslass der gudbrandsdøler og østerdøler har møttest i lange tider, og i seinare år er tradisjonen teken opp att. No er både ”vikingar” i hopetal og ymse ”juggel”representert, men og mykje husflid, eit yrande dyreliv og spennande lokal mat. Ein fargerik og mangfaldig marknad på alle vis! - Naturlegvis var også seterbrukarar i dalen representert, mellom dei Grete og Hans Sannes Granseth frå Dovre. Sidan 2005 har Grete og Hans gradvis teke oppatt drifta på Værkjessetra, og på Pundarvangen denne første helga i august baud dei på velsmakande gubbost, brun geitost og bakverk av fleire slag.

Prosjekt for kulturlandskapet

Værkjessetra er ein av dei seks seterstulane i Grimsdalen som i alt omfattar over 50 setre. Diverre har seterdrifta over tid gått attende til eit minimum, med berre ei aktiv seter sidan 1980-talet. I seinare år har det vorte drift att i allefall på to stular, og den tidlegare fellessetra for geit i dalbotnen ikkje langt frå Tollevshaugen, er teke i bruk att for kyr. Seterbrukaren har tidlegare hatt omtale av Bergseng seter på Tollevshaugen og også omtala det såkalla Grimsdalsprosjektet. Dette prosjektet har ført til auka beiteaktivitet att, og det har i ein del år no vore stort fokus på kulturlandskapet i Grimsdalen. Det meste av Grimsdalen er landskapsvernområde og trusselen om gjengroing har vore viktig i utforminga av tiltaka gjennom prosjektet. Prosjektet går i kommunal regi med statlege midlar til tiltak, i hovudsak organisert beiting, auka hogst av ved og knusing og rydding av kratt. Siste åra har om lag 400 storfe, eit førtital hestar, sau og ein mindre flokk med geit beitt i dalen. Prosjektet har

omfatta to gjetarar i tre månader kvar sommar og prosjektet inneber sjølvsgart felles sinking og anna samarbeid. Grimsdalsprosjektet har òg arrangert temakveldar og markvandringar med fokus på geologi, botanikk, dyreliv og kulturhistorie – inkludert handverk og tradisjonell foredling av mjølk. Å inspirere til entreprenørskap har såleis vore ein del av Grimsdalsprosjektet.

Treng fjellbeitet

Grete og Hans Sannes Granseth driv garden Nordre Åsen på Dovre, eit bruk med 80-90 dekar innmark og ein god del leigejord i tillegg, men med for lite beite heime. Dei har ikkje kvote og mjølkproduksjon, og satsar i første rekke på å byggje opp ein buskap med kjøfse – pr. i dag kring 70 dyr. I tillegg har dei 35 vinterfora sau og eit tjuetal geit, der dei no er i ferd med å gå over til mohairgeit. Lama og gris høyrrer au til buskapen, men når alle dei andre dýra reiser til fjells i St.Hans-leitet lyt dei to sistnemnte vera

Framhald på side 6



Fellesysteriet.



Hans rører gubbosten kald.



Grete og Hans Sannes Granseth baud på gode seterprodukt på marknadsdagane på Pundarvangen.



Anny og Geir Harald Fodnes med nokre av produkta frå det fine og praktiske stølsysteriet.

Strandmo stølsysteri på Stølsvidda

Med den fine katalogen over gards- og stølsopplevelingar i Valdres til hjelp fann vi, trass tjukkskodde innover fjellet, fram til Strandmo stølsysteri der Anny og Geir Harald Fodnes tok vel i mot.

Båe velkjende namn i dei krinsar som er opptekne av stølsdrift og småskala ysting, med mykje røynsle og nyttige tankar om kva stølsdrifta kan bety for gardar og grender framover. Anny og Geir Harald fortel at dei starta opp seterdrifta tidleg på 1990-talet, så det er altså ikkje ein gamal støl vi er på. Men utruleg fint og praktisk har dei fått det til, med fjøs, mjølkerom og ysteri under same tak. Produkta deira er brunost - brim, kvit lagringost, rømme og smør. Brunosten blir forresten koka i ei bygning tett ved. Eit godt innebygd dieselagggregat syter for straum til fjøs og ysteri.

Vi er i Nord-Aurdal kommune, i det store fjellområdet som blir kalla Stølsvidda – og stølslaget Breiset omfattar i alt 26 stolar, men no er det mjølkeproduksjon på berre to av desse. Området blir sjølvsgart nytta til beite for mykje storfe

og sau og byr elles på fine turstigar.

Tre månader foredling på stølen

Strandmo er gardsnamnet og Geir Harald fortel at det er 9 km mellom garden og stølen – garden ligg kring 360 m.o.h. og stølen på om lag 1000 m.o.h. Dei haustar eit areal på om lag 200 dekar, helvta av det på stølen. Buskapen tel 12-13 kyr og 30 vinterforsau – og om lag 50 tonn mjølk blir levert til Tine. Sesongen på stølen varar frå ca. 20. juni til 20. september og i den tida blir det meste av mjølka, 20-25 tonn, foredra der oppe. Mjøkelen hentar noko, men vi legg opp til å bruke så mykje som mulig av stølsmjølka til eigne produkt, seier Geir Harald. Under besøket på stølen viser Anny oss rundt i det velordna ysteriet og lèt oss smake på både den vellagra kvitosten og brunosten, båe produkt som har oppnådd medaljar og heider på m.a. landsutstillinga for gardsost. Anny og Geir Harald fortel at stadig fleire kundar finn fram til stølen – 15-20% av produksjonen blir selt der, elles skjer omsetnaden gjennom m.a. spesialbutikkar og Bondens marked. Dei

er svært opptekne av mjølkekvaliteten og sjølvsgart også tilhøva under foredlinga. Rett temperatur i ysteriet er viktig, og at ysteriet ikkje er for stort når det blir kaldare i veret i august/september, er viktig å for å kunne halde temperaturen på 20-25 grader, fortel Geir Harald. Utsalet på Strandmo stølsysteri er ope dagleg 11.00-17.00 frå 1. juli til 20. august, etter den tid er det best å gjera avtale på førehånd.

Stølsmølk og særpreg

Kyrne på Strandmo kalvar om våren og såleis er avdråtten høg om sommaren. Dei beiter i utmarka om dagen, men går innagjerdes om natta. Stølsdrifta gir mykje gratis for, som Geir Harald uttrykkjer det. Greier ein å halde kapitalkostnadene nede – med m.a. enkle, små bygningar, utviklar gode og særprega produkt og legg seg på eit volum som i hovudsak kan omsetjast direkte, så er stølsdrifta eit skikkeleg økonomisk supplement i drifta av små gardsbruk. Byggjer ein stort og dyrt da må det

Framhald på neste side

Framhald frå side 5

produserast store volum, da må produkta omsetjast gjennom varehandelen – og der er det vanskeleg å oppnå tilfredsstillande pris, legg Geir Harald til – med adresse til den diskusjonen som går om småskalaprodukta og matvarekjedene. Anny og Geir Harald er svært optekne av dette med sær preg, skal ein kunne oppnå nokon vesentleg meir pris, da kan det ikkje vera for likt industriprodukta. – Tine har sabla gode produkt, som det ikkje er lett å konkurrere med på same arena og med så godt som identiske produkt, seier Geir Harald, og legg til at han tykkjer for mange legg seg for nær opp til dei kjende industriprodukta. Han er elles overtydd om dei særlege kvalitetane stølsmjølka byr på. Nye undersøkingar bekreftar eigentleg berre det vi har visst lenge, m.a. frå det som vart gjort da vi gjennomførte prosjektet ”Levande Stølar”, basert både på undersøkingar og praktisk røynsle. Vi kom med innspel om dette til Tine for ti år sidan, kanskje tida



Anny Opedal Fodnes i ysteriet.

no endeleg er inne til å gjera noko ut av stølsmjølka – og ta ut meirverdien som ligg i desse spesielle kvalitetane? Eit slikt grep vil avgjort vera ein positiv stimulans for mjølkeprodusentane som framleis driv på stølane, seier Geir Harald Fodnes.

Gards- og stølsopplevingar i Valdres

■ Katalogen for gards- og stølsopplevingar i Valdres presenterer 15 stolar, ni gardar og to utsal av lokal mat – og finst både i papirutgåve og på nettet.

■ Desse 26 valdresvertskapa er spreidde over heile Valdres og dei byr på unike opplevingar både for langvegsfarande og lokalbefolkinga. Guri Grønolen og Egil Dieserud i Valdres Natur- og Kulturpark har stått bak arbeidet med katalogen. Det har vore veldig inspirerande å jobbe med alle desse tilbydarane av ekte valdresopplevingar, samstemmer dei. – Dei er engasjerte, motiverte og fulle av framtidsplanar med ei stadig fornying og vidareutvikling av produkta sine, les vi i avis Valdres.

■ Katalogen er spreidd i heile regionen, på turistkontor og overnatningsbedrifter. I samarbeid med Valdres Destinasjon er det også lagt opp til ei sterk marknadsføring med annonser i aviser, katalogar, blad og på nettet. Katalogen presenterer kvar verksemد med bilde og tekst, opningstider og kontaktinformasjon. Eit oversiktskart plasserer alle geografisk, slik at det skal vera lett å finne fram. – I følgje avis blir det arbeidd med å rekrutere fleire deltagarar i gards- og stølssamarbeidet i Valdres, eit opplegg som sikkert og andre område kan satse på – gjennom samarbeid kan ein få til ei langt meir slagkraftig marknadsføring.

Framhald frå side 4

heime. Buskapen beiter så i fjellet fram til midt i september – og Grimsdalen byr på fine beite og god tilvokster.

Setergrend med felles ysteri

På Værkjessetra har 10-11 gardbruk setra på det meste, og det er framleis ei mangfaldig klyngje med hus der. I 1925-26 gjekk fire bruk saman om å byggje felles ysteri, der både kumjølk og geitmjølk vart foredla. Diplomar fra 1920-talet fortel om gode produkt! Ysteriet er sett i stand att, m.a. med hjelp frå kommunen, og det er her Grete og Hans har prøva seg med kokting av gubbost og brun geitost. Sauene og geitene beiter i liene kring stulen, men er inne om natta – mest for å hindre at jerven får forsyne seg. Grete og Hans har hatt ope dagleg for servering av kaffe og tradisjonelt bakverk, m.a. vafler steikt på svartomnen og med heimelaga ost attåt. Ystinga har vore konsentrert til laurdagane og søndagane, og tilbodet har vore populært – produkta har gått



Folk og fe tek ein matpause på veg heim frå setra.

unna, seier Grete. Attendemeldinga er gjerne at folk føler dei igjen får oppleve litt av ”barndommens sommar”, med dyr og smakar som vekkjer gode minne. I det gamle ysteriet er det óg ein del gamalt utstyr å sjå og dei kan også tilby overnatting i ei hytte på setra. – Grete og

Hans fortel at det har vore interessant og positivt å starte opp att på setra, men er likevel litt usikre på vegen vidare. Dei ynskjer å finne eit opplegg på setra som let seg sameine med det øvrige dei driv med – ei drift der ein får økonomi og trivsel til å gå i hop.



Seterbesøk på Prestlia sommeren 2008. Vertskap: Solvår og Kyrra Sørheim.

Seternytt fra Leksvik

Vi har flere ganger vært inne på den positive utviklinga for seterdrifta i Nord-Trøndelag. Her er en liten "rapport" fra jordbruksjef Hans Killingberg i Leksvik, den "store" seterkommunen i Nord-Trøndelag. I 2008 var det 14 besøkssetrer som tok i mot ca. 3500 – 4000 besökende. - I år rettet vi oppmerksomheten mot gamle mattradisjoner av melk.

Arne Brenden var her og lærte 12 meget lærevillige damer (budeier) å lage enkle matretter av melk. Det var i hovedsak kremoster, yoghurt og rømme. Responsen fra de besökende på setrene var meget positiv, et seterboset ble forbundet med smaksopplevelser. Yngre folk var opptatt av framstillingsmåten, eldre om rett



Arne Brenden instruerer interesserte. Gerd, Eva og Dagrun lager kremost.

framstillingsmåte ble brukt. Mye erfaring ble utvekslet og folk trivdes, og stadig flere utenfor kommunen finner vegen til Leksviksetrene.

Bruk www.seterkultur.no

Responsen på nettstaden til Norsk seterkultur er jamt over god og mange finn vegen dit, men sjølvsagt kan den gjera betre. Det blir såleis arbeidd med å vidareutvikle nettstaden, både som informasjonskanal for organisasjonen, nærskyld organiasjonar og institusjonar og, ikkje minst styresmaktene. Pr. i dag set dei økonomiske ressursane grenser for kva ein kan få til, men håpet er at fleire gode krefter kan samle seg om å gjera www.seterkultur.no til ein samlande og effektiv informasjonskanal.

Dessutan vil ein gjerne forbetrer dei servisfunksjonane som har fungert ei tid, særleg markedsplassen som "formidlar" seterjobbar og den profileringa av setre og seterprodukt som ein finn under "Til seters". Sistnemnde er ein del av medlemsservisen for medlemskategorien "aktiv seterbrukar". Alt som trengst er å sende 3-4 foto frå setra og informasjon om det som blir tilbydd på setra, opningstider m.v. og så får setra ei "side" på www.seterkultur.no. Her er det framleis plass til mange fleire setre!

Elles minner vi om at det er viktig for kvar enkelt tilbydar å oppdatere tilboda. Minner òg om at "Seterkalenderen" kan brukast langt meir aktivt, der er det plass til å informere om alle slag arrangement med tilknyting til stølsdrifta og seterkulturen.

Setrar på øy, får ikkje tilskot!

"Historieløst om stølstradisjoner", seier Stein Brubæk, leiar i Norsk seterkultur, i ein kommentar i Bondebladet om Ellen og Trond Egil Nedrebø i Austre Bokn i Rogaland som ikkje får setertilskot avdi setra deira ligg på ei øy. FMLA i Rogaland meiner tilskotet berre er meint for setring i fjellet. Brubæk siktat sjølvsagt til det faktum at seterdrifta har vore utbreidd også i fjord- og kystområde der seterdrifta like gjerne gjekk føre seg på ei øy som i fjellet. Kor høgt over havet må ein setre for å koma innanfor regelverket til Fylkesmannen i Rogaland, spør Stein Brubæk.

Nytt frå styret

Styret i NSK har konstituert seg med Siv Beate Eggen som nestleiar og Mari Søbstad Amundsen som sekretær.

Av styresakene nemner vi at ein vil gjennomføre ei spørjeundersøking blant medlemmane om den vidare utviklinga av Norsk seterkultur og at ein vil prioritere arbeidet med å utvikle heimesida www.seterkultur.no slik at den kan dekke alle setterbrukarar/nettverk sine behov for informasjon, profilering og nettverk.

Styret tek òg initiativ til eit forskningsprosjekt der ein ønskjer å belyse seterdrifta si økonomiske betydning både for garden og bygda/distriktet.


I alle tre sakene ønskjer ein samarbeid og medverknad frå dei tre seterprosjekt-fylka, Hedmark, Oppland og Møre og Romsdal. Styret har vald Mari Søbstad Amundsen som NSK sin representant i arbeidet med utviklinga av ein rettleiar for seterdrift. Sjå omtale annan stad i bladet.

Av styresakene går det elles fram at NSK vil arbeide vidare med temaet setermjølka som eiga merkevare. Her er sjølvsagt Tine ein heilt sentral aktør, og landbruksministeriet representant i NSK-styret, Per-Sigve Lien, fagsjef i Tine medlem, er gitt ansvar for å følgje opp dette.

Meld frå om adresseendring

Ein skal ikkje flytte langt før Seterbrukaren får problem med å finne fram! Er ikkje adressa heilt rett kjem blada i retur. Difor er det viktig at medlemarar og abonnentar melder frå om adresseendring.

RETURADRESSE:

NORSK SETERKULTUR
6214 NORDDAL**FORMEL****FORMEL gir best tilpasning til beite**

Rett FORMEL på beite gjør det enklere å:

- Holde ytelsen ved hard beiting
- Holde høgt proteininnhold i mjølka
- Tilføre nødvendige mineraler

FORMEL Favør 28	Til svært godt beite og raigrasbeite med lågt innhold av fiber.
FORMEL Favør 30	Til middels godt beite.
FORMEL Elite	Til middels beite og ønske om høg mjølkeproduksjon. Når beitekvaliteten avtar og kyrne må ha høg kraftførandel i førrasjonen.
FORMEL Favør 20	Til utmarksbeite og svakt gjødsla beite.

Kraftförmengdene må justeres etter utvikling i mjølkemengden, holdet på dyra og beitekvaliteten.



Felleskjøpet

Bli med i**Medlemskontingent 2009**

Aktiv seterbrukar	kr. 400,-
Støttemedlem/abonnement på Seterbrukaren	kr. 300,-
Organisasjon/institusjon	kr. 600,-

Ja, eg vil bli medlem

- Aktiv seterbrukar
 Organisasjon/institusjon
 Støttemedlem/tinging av Seterbrukaren

Namn:

Adresse:

Telefon:

Du kan også registrere deg som medlem på våre heimesider: www.seterkultur.no**NORSK SETERKULTUR**6214 NORDDAL Tlf.: 70 25 91 77 – Fax: 70 25 91 57
E-post: seter@seterkultur.no
Bankgiro: 2367 20 51 169
TINE

Mange av våre produkt har rot i stølskuluren
og vi støttar Norsk seterkultur
i arbeidet for denne driftsforma